

**VEDTEKTER**  
**FOR**  
**STIFTINGA**  
**NORSK COUNTRYTREFF**

**Vedtekne den 30. september 2004**  
**Revidert 16.januar 2012**  
**Revidert 21.mai 2013**

**§ 1 Oppretting**

Stiftinga Norsk Countrytreff er ei privat stifting med sete i Gloppen kommune.  
Hovudarena skal vere på Norsk Fjordhestgard

Stiftinga er etablert av: Breimsbygda Idrettslag, Byrkjelo Ungdomslag, Breim Bygdeungdomslag, A/L Breimshallen, Breim Countryklubb, Stiftelsen Norsk Fjordhestgard, Gloppen kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

**§ 2 Føremål.**

- ❑ Norsk Countrytreff er ein knutepunktinstitusjon med eit sjangeroppdrag, og skal ha ein leiande posisjon innanfor country-sjangeren. Norsk Countrytreff skal drivast etter dei generelle kriterium som det er gjort greie for i *St.meld. nr. 10 (2007-2008) Knutepunkt* og i utlysingsteksten for knutepunkt.
- ❑ Å i framtida vere den kvalitetsmessig beste festivalen i Norge, og å kunne tilby dette kulturtilbodet til fastbuande og til besökande frå inn- og utland
- ❑ Å arrangere eit årleg countrytreff i Gloppen kommune. Arrangementet har eit overordna mål å presentere nasjonale og internasjonale artistar og grupper på høgt musikalsk nivå, vidare skal arenaen vere open for regionale og lokale etablerte og nye artistar og grupper som på den måten kan få presentere seg i eit større miljø.
- ❑ Å kunne vere arrangør eller vere medarrangør i andre lokale, regionale og nasjonale countrykonserter gjennom året, med det som føremål å auke interessa for countrymusikk, og dermed legge grunnlag for auka interesse for den årlege countryfestivalen. Dette må likevel ikkje verte ei økonomisk belastning for stiftinga.

- Å oppretthalde og vidareutvikle det gode og attraktive miljøet, og å kunne tilby fleire tilbod for heile familien under den årlege countryfestivalen.

### **§ 3 Grunnkapital**

Grunnkapitalen til stiftinga ligg i verdien av dei bygningar/anlegg som Norsk Countrytreff eig i dag. Dette gjeld: a) Artist/administrasjonsbygg, b) Informasjonsbu, c) Scene. Ut frå verditakst utført av Nordplan (prosjekt nr. 4014) av 24.03.04 er den tekniske verdien sett til kr. 740.000, og salsverdien på takseringstidspunktet til kr. 410.000.

### **§ 4 Representantskap**

Representantskapet er samansett av ein representant frå kvar av stiftarane. Valperioden for representantane frå organisasjonane er to år. Valperioden for offentleg oppnemte representantar er fire år.

Representantskapet skal ha møte minst ein gong i året, innan utgangen av mars månad

Representantskapet kan ha ekstraordinært møte om styret, eller når minst 50 % av stiftarorganisasjonane krev det.

Representantskapet sine oppgåver er:

- Velje to styremedlemmer med personlege varamedlemmer
- Velje revisor
- Gje fråsegn til årsmelding og rekneskap
- Føre tilsyn med stiftinga si verksemد
- Vedta omdanning av stiftinga og vedtektsendringar
- Velje valnemd

### **§ 5 Styret**

Styret er det øvste organ i stiftinga.

#### Samansetning og valrett

Styret har fem medlemmer med varamedlemmer. Styret vel sjølv nestleiar

Dagleg leiari har møte- og talerett i styret.

Representantskapsmedlemmer kan ikkje sitje i styret

Sogn og Fjordane Fylkeskommune vel to styremedlemmer med varamedlemmer, og utpeiker styreleiar.

Gloppen kommune vel eitt styremedlem med varamedlem.

Representantskapet vel to styremedlemmer med varamedlemmer

#### Valperiode

Dei to styremedlemmane valde av representantskapet vert valde for to år om gangen

Etter loddtrekning står ein på val første året etter vedtektsendring.

Dei offentlege oppnemnde styremedlemmane vert valde for fire år om gangen, og føl valperioden til kommune- og fylkestingsval.

Ingen kan sitje meir en 8 år samanhengande i styret

#### Oppgåver:

Styret har følgjande hovudoppgåver:

- Å ivareta ansvaret for drifta av stifta.
- Å ivareta dei oppgåver som er tillagt styret i lov om stiftingar.
- Å utarbeide langsigktige forretningsplanar og budsjett.
- Å utarbeide godkjent årsmelding, årsrekneskap og å føreta årsoppgjer.
- Å tilsetje dagleg leiar, forretningsførar eller andre arbeidstakrar og fastsetje løns- og arbeidsvilkår for desse.
- Å fastsetje møte-, reise- og opphaldsgodtgjersle for styremedlemmane og andre tillitsvalde.
- Å handsame vedtektsendringar og spørsmål om oppløysing av stifta (omdanning).

Styret skal nemne opp hovudkomité for Norsk Countrytreff sine arrangement. Styret skal utarbeide instruks for hovudkomiteen og andre komitear.

Dagleg leiar er leiar av hovudkomiteen og er ansvarleg for innkalling til hovudkomitémøta og for innkallinga til andre komitémøter. Styret kan innkallast til møta i hovudkomiteen

#### Styremøte

For styremøta gjeld følgjande:

- Styret gjer vedtak i møtet.
- Styret vert innkalla av styreleiar eller når minst to styremedlemmer krev det.
- Styret kan gjere vedtak når minst tre medlemmer, inklusiv styreleiar eller nestleiar, er til stades.
- Styret sitt vedtak vert gjort med alminneleg fleirtal. Ved røystelikskap gjeld det som styreleiar har røysta for.
- Det skal først møtebok frå styremøta. Møteboka skal underskrivast av alle styremedlemane.

#### § 6 Revisjon, rekneskap, kontroll m.v.

Revisor vert valt av representantskapet.

Stifta har rekneskapsplikt etter lov om rekneskap.

Årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding skal sendast til Brønnøysundregistra innan utgangen av mai månad etter rekneskapsåret.

## **§ 7 Dagleg leiing.**

Den daglege leiinga av stiftinga skal ivaretakast av ein dagleg leiar.

Dagleg leiar har ansvaret for at verksemda vert driven i samsvar med vedtekten og styret sine vedtak

Dagleg leiar førebur saker for styret og hovudkomité og syter for at det vert ført protokoll frå møta.

Styret skal fastsetje instruks for dagleg leiar.

## **§ 8 Signatur og prokura**

Stiftinga vert forplikta av dagleg leiar og styreleiar i fellesskap (signatur).

Styret kan gje prokura.

## **§ 9 Vedtektsendringar**

Styret tilrår endringane i vedtekten overfor representantskapet. Det endelege vedtak skjer i representantskapet. Vedtaket skal sendast Stiftingstilsynet for godkjenning.

## **§ 10 Opplysing m.v.**

Styret kan med 2/3 fleirtal tilrå å oppheve, fusjonere, eller fisionere stiftinga. Endeleg vedtak skjer i representantskapet. Vedtaket skal sendast Stiftingstilsynet for godkjenning.

Dersom stiftinga vert oppløyst skal midlane brukast i samsvar med stiftinga sitt formål.